



### Påmelding

Invitasjon gjekk ut til dei 7 kulturskulane i Hardanger, Voss og Vaksdal. Kulturskulane vidaresendte invitasjon sine elevar, og til kor og korps i sin kommune. Det var mogeleg for både born og vaksne å delta. Nedre aldersgrense sette me til 10 år, men med krav om at dei måtte meistra oppgåvane for å vera med. Dette på grunn av den korte tida me hadde på å «sy» det saman. Denne vurderinga vart gjort av lærarane i kulturskulane og av dirigentane.

Me laga ei facebookside for arrangementet der me la ut timeplanar, øvingsfiler, etc. slik at dei påmelde kunne finna oppdatert info.

### Orkesteret

- Korps 78 (51 unge, 27 vaksne)
- Koret 22 (1 ungdom, 21 vaksne)
- Solistar 12 (alle unge)
- Drill 8 (alle unge)
- Heine Totland, Twang Gang og Kulturfjorden (5 vaksne)

Så totalt var det 125 på scenen i løpet av konserten.

### Notar

Konserten tok utgangspunkt i ein CD frå 2015, som var eit samarbeidsprosjekt mellom Twang Gang og kulturskulane i dei 7 hardangerkommunane. Mange av låtane til denne konserten vart henta frå den CD-en. Reid Gilje arrangerte nokre av dei for kor og korps, og me kjøpte nokre han hadde arrangert frå før. Så totalt sett var 9 av låtane på konserten fellesnummer.

Etter kvart som arrangementa vart klare, og musikantane påmelde, vart notane sendt ut til dirigentane slik at kor og korps kunne sjå gjennom stoffet før øvinghelga i Eidfjord.

### Overnatting

Dei unge deltagarane fekk tilbod om å bu på skulen, mens dei vaksne måtte syta for seg sjølve. Me hadde avtale med Eidfjord Fjell og Fjord Hotell om mat og pausemat. Alle hadde tilbod om å kjøpa mat under samlinga. Nokon nyttar seg av det, mens andre valde å ordna det på andre måtar.

## **Teknisk**

Eidfjord kommune og Statkraft har 156m<sup>2</sup> mobil scene som me fekk bruka utan kostnad.

Kommunalteknisk drift i Eidfjord kommune monterte og demonterte scena. Lys og lyd vart levert av Voss lyd. Det vart rigga fredag og laurdag, med sceneprøve laurdag ettermiddag, slik at alt var klart for gjennomkjøringar og generalprøve søndag.

## **Billettar**

Det var førehandsal av billettar på kommunehuset i Eidfjord, Eidfjord turistkontor og på Internett via TicketCo.no. Til saman selde me 334 billettar. Med gjester, dugnadsfolk og born under skulealder, som gjekk gratis, hadde me ca 400 i salen.

## **Økonomi**

Eidfjord kommune	kr	50 000,00
Hordaland fylkeskommune	kr	45 000,00
Hardanger kulturråd	kr	20 000,00
Billettinntekter	kr	62 690,00
Notar/arrangement	-kr	36 000,00
Instruktørar	-kr	32 661,20
Artisthonorar	-kr	55 000,00
Lys og Lyd	-kr	70 000,00
Hotell og mat	-kr	22 015,00
Annonsering	-kr	4 125,65
Anna	-kr	10 280,93
<b>Totalt</b>	<b>-kr</b>	<b>52 392,78</b>

Underskotet vert delt mellom kulturskulane i regionen.

## **Konserten**

Konserten vart ei god oppleving for både dei på scena og dei i salen. Tilbakemeldingane har berre vore positive frå begge leirar. Har høyrt i etterkant at det er planlagt samarbeid mellom dei to kora som var med om vidare samarbeid og prosjekt. Det same gjeld nokre av korpsa som var med.

Mange har spurt om me kan gjera dette ein gong til. Det skal me prøva å få til. Om det vert like stort arrangement neste gong, eller kvar me set det opp, må me ta etter kvart.

Konserten vart streama av Hardanger folkeblad, men dei hadde ein del problem med lyden. Me hadde fleire kamera rundt omkring, så du kan sjå heile konserten på [youtube.com](https://www.youtube.com) Videoen er ikkje redigert så mykje endå, men det vert nok gjort på sikt. Me hadde òg ein eigen fotograf som tok biletar for oss. Nokre av desse finn du på [facebooksida til Dig That Crazy Santa Claus](https://www.facebook.com/DigThatCrazySantaClaus)

## **Takk**

Ei stor takk til alle som gav stønad til prosjektet. Det gav oss mot til å tenkja litt større enn me vanlegvis vågar.